



Slik står klatreveggen på Seimsfoss før demonteringa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**No er alt klart for flytting av klatreveggen frå gymnastikksalen på Seglem skule på Seimsfoss til Aktivitetshuset i Uskedalen.**  
Det krev ein stor dugnadsjobb og han startar måndag, opplyser styreleiar Bjørn Olav Tveit til uskedalen.no



[I Aktivitetshuset skal klatreveggen monterast mellom garderobedørane. \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

Veggen har til no tilhørt Kvinnherad turlag, men har stått ubrukt i dei seinare åra og ingenting tyda på at dette ville endra seg. I Uskedalen er det idrettslaget som skal stå for drifta av veggen.



Fem nye sponsorskilt har no kome på plass i hallen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I vår bygd har ein hatt ynskje om å byggje ein klatrevegg heilt sidan starten av prosjektet Aktivitetshuset. Men så langt har det ikkje vore prioritert i planane. No er interessa stor for å utvida aktivitetstilbodet med ein klatrevegg. Denne veka er også styrkerommet teke i bruk og huset tek dermed to viktige steg framover på stutt tid. I argumentasjonen for flytting har leiinga i Aktivitetshuset mellom anna vist til skulen sitt behov og også det veksande klatremiljøet i Uskedalen.

Bjørn Olav Tveit konstaterar at det i samband med flyttinga har vore ein formell prosess å koma gjennom med omsyn til tippemidlane, men dei har hatt god hjelp av kommunen og det er no ei stund sidan alt var endeleg avklåra.

Dugnaden der første fase er demontering av veggen startar måndag klokka 17.30 og dei som kan stilla opp bør ta kontakt med Tveit (47236187) eller Steinar Haugland (41042659). for å få opplysningar. Heile veggen vil bli skrudd ned i ein operasjon og så transportert til Uskedalen for montering. Heile operasjonen bør vera unnagjort på to veker hvis dei er effektive, meiner Tveit.

- Kanskje er det nokon som har ei ferieveke til overs og som kan ofre seg for eit viktig felles føremål, seier styreleiaren.

- Vi treng ein god del folk, truleg 8-10, opplyser han.

Slik klatreveggen no står på Seimsfoss er han seks-sju meter høg og 8-10 meter brei. I Uskedalen vil han få en litt annan fasong, han blir 7-8 meter høg og 8 meter brei. Veggen skal plasserast på veggen mellom garderobedørane.

Det er også ei tredje positiv nyhende å bringa vidare om Aktivitetshuset: Fem nye sponsorskilt har kome opp på veggen i hallen i tillegg til det einslege som var der frå før. Det tyder på aukande interesse også i næringslivet for å støtta det no ferdige Aktivitetshuset. Men det er plass til fleire skilt!

Av Ola Matti Mathisen